

Sunnmøre kommune – eller "ej" og "mitt"



Med Nordøyvegen og Hamnsundsambandet vil folk på Fjørtofta bruke under ein time til byen, og vil vere ein naturleg del av ein Sunnmøre kommune i Ålesundsregionen, meiner artikkelforfattaren.



Torleiv Rogne, formannskapsmedlem i Haram kommune for Uavhengig liste for Haram, tidlegare varaordfører og fylkestingsmedlem for Venstre.

Kommunesamanslåing.

Under nyttårsmøtet i Ålesundsregionens Utviklingsselskap kasta, i fylgje Sunnmørsposten, ordførar Bjørn Tømmerdal, Ålesund, fram tanken om å slå kommunane rundt Ålesund saman til ein "storkommune", og Sunnmørsposten har i ettertid spunne på denne ytringa frå ordførar Bjørn Tømmerdal gjennom t.d. spørsmål til ordførarane i dei aktuelle kommunane om deira syn. Ikkje uventa sprikjer svara trass i at det er ordførarar frå same parti med same ideologiske ståstad som svarar.

Viktig tema.

Ordførar Bjørn Tømmerdal skal ha stor ros for at han set eit så sentralt tema som kommunestruktur på den politiske dagsorden. Etter snart 45 år med kommunestruktur i tråd med Shei-komiteen si innstilling (med enkelte brigde) må det vere rett å ta på alvor dei utfordringane som kommunane står over for kva vedkjem tenestetilbod til borgaren i by og grend. Målet må vere at dette skal vere så likt som råd, så vel kvalitativt som kvantitativt. Det er grunn å tru at dette vil verte uråd i framtida med den kommunestruktur ein har på Sunnmøre i dag, med kommunar frå ca 1.000 til 40.000 innbyggjarar. Diverre, som så ofte elles, blir eit seriøst innspel til debatt, ført vidare i pressa gjennom mindre seriøse og

irrelevante spørsmålsstillingar som td.: Kven blir ordførar i ein slik kommune. Vidare vert det stilt opp mandatfordelingar med basis i den einskilte kommunar sine representantar og vidareført til den store "Ålesund kommune". Dette fører berre til ei avsporing av debatten.

Må takast på alvor.

Innspelet frå Bjørn Tømmerdal fortener å bli teke på alvor og sett på det lokal – og rikspolitiske sakskartet, ikkje i Ålesundregionens Utviklingskontor sin regi, men gjennom ei nemnd med fagpersonar – ikkje ordførarane eller lokalpolitikarane i dei aktuelle kommunestyra, men gjerne leg og lærd frå miljøa i helse-, utdanning-, næring-, samferdsel og kultur m.m.

Dersom eit slikt utval skal vere samansett av berre lokalpolitikarar med ordførarane i spissen, vil utviklinga i debatten bli som svara frå dei intervjuarane.

Felles identitet.

Skal det vere framtid i ein ny kommunestruktur på Sunnmøre må det vere ei felles målsetjing at dei fleste innbyggjarane i ein eventuell ny kommune ser sin identitet knytt opp til den nye eininga. Det vil etter mi meining vere direkte uklokt dersom grunnlaget for etablering av ein større kommune i Ålesundregionen, skal vere å slå saman t.d. kommunane nord om Storfjorden til ein større Ålesund kommune. Halvparten i ein slik kommune vil ikkje ha identitet til denne. Er målet å utvikle den nye kommunen til Sunnmøre kommune, vil folk føle identitet, næringsmessig og ikkje minst kulturelt.

At ein slik kommune kan spare større midlar innan administrasjon er heva over tvil, midlar som kan nyttast til andre formål for borgarane i kommunen. Det som likevel må vege mykje, er moglegheita til å kunne få tilført større kompetanse innan næringsliv og utdanning, helse og kultur, forskning med meir.

Samferdsel.

Samferdsel vil vere ein svært viktig faktor for å få ein slik kommune til å fungere optimalt. Utan tvil vil ein Sunnmøre kommune kunne lyfte fram store vegprosjekt på ein sterkare måte enn om kvar kommune skal kjempe kvar for seg. Ein vil sleppe at ein kommune går inn for – medan nabokommunen går mot bruk av td. bompengar. Eg er fullt klar over at det har vore og vil vere rom for samarbeid om felles tiltak mellom kommunane i regionen, men det er enklare for borgaren å vite når han går til valurna, at det er på eit valprogram den einskilte kandidat står for, han røystar på, og ikkje ein ideologi og program som er forsvunne når konstitueringa tek til.

Kommunesenteret.

Det er meir til underhaldning enn seriøs politikk når Smp startar opp debatten om kven som skal bli ordførar i den nye Sunnmøre kommune. Først må ein finne fram til utstrekninga av ei slik eining. Målet må vere at ein slepp å reise gjennom ein annan kommune for å kome til kommunesenteret. At det skal verte noko anna enn Ålesund er utopisk. Gjennom etablering av Nordøyvegen og Hamnsundsambandet vil også Fjørtoft vere innan ein times avstand frå

Ålesund sentrum, og soleis vil ha kommunesenteret som sin arbeidsmarknad. At enkelte ordførarar i nærområdet til dagens Ålesund ser på ei samanslåing til ei større eining som ein fare for ei nedbygging av enkelte område, kan nok vere rett.

Det vil difor vere viktig at dei politiske miljøa er synlege på kva dei står for overfor veljaren, og at dei etter valet har fokus på politikken og ikkje berre valet av ordførar. Fleire kommunar har etablert eit fleirtal ved konstitueringa der td. Ap som på landsbasis ser på Frp som ein fare, på kommunenivå opptrer som siamesiske tvillingar.

Betre tilbod.

Kven som vert den ideologiske vinnargruppa i Sunnmøre kommune vil eg vone me i nær framtid får sjå. Utan tvil vil borgarane i ein slik kommune få betre tilbod i framtida enn dei vil gjere i si noverande kommune. At Uavhengig valliste for Haram i fylgje Smp. skal kome inn i Sunnmøre kommune med to representantar er no ei tillitserklæring til gruppa tillikes med andre partinøytrale grupper som får plass i det nye kommunestyret. Det viktigaste er at ein er positiv innstilt til eininga og ser den som eit reiskap til å gje borgarane eit godt og likeverdig tilbod! Lista vil då sjølvstille til val som Uavhengig valliste for Sunnmøre og kjempe saman med dei andre listene om mandata. Om den vert stilt, vil lista med stor sansynlegheit kome inn i kommunestyret med 8-10 representantar!

Må bli alvor.

Ordføraren i Ålesund må gå vidare med sin tanke om ein Sunnmøre kommune. Lat me også vone at Storting og Regjering endrar det tullete vedtaket om at kommunestrukturen ikkje skal kunne endrast mot kommunen sin vilje. I so fall er det duka for evig debatt utan mål, men med ei meining at ingen ting skal skje. Det er ein kjend taktikk, ikkje framand i sjølv den minste kommune – i dei store og! Bjørn Tømmerdal har synt at han har visjonar for regionen vår. Han bør få støtte til å få sett ned ei departemental gruppe til å utarbeide framlegg til ein Sunnmøre kommune. Ålesund, Haram, Skodje og Ørskog vil vere ei fin eining.

Alt tyder på at Giske kommune ikkje er modne politisk til å sjå fordelene med Sunnmøre kommune, men som ordførar Støbbakk seier det: Me er for ei større kommunal overbygning berre me får ha vår vesle for oss sjølv! Dyrt og lite framtidsretta! Kva Sula vel, er nok også usikkert, men Sunnmøre kommune er mest framtidsretta og sterkast om også Sula og Giske er med.

Det tidlegare arbeidet med å skape ei "Konsernkommune" med spreidde arbeidsområde/ tilbod fordelt på "aksjonærkommunane", bør gravleggjast først som sist. Ei slik kommune vil generere eit kjempebyråkrati, der borgaren sine inntresser kjem i bakgrunnen og den sterkaste over tid vil slukje dei svake.

Publisert mandag 26. januar 2009 kl. 02:00.